



ULSTEIN KOMMUNE



Framtidig skulestruktur Vurdering av alternativ

Ulstein kommune

1 Innleiing	3
2 Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsværk.	4
2.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse	4
2.2 Ressursutnytting	7
2.3 Læringsmiljø	8
2.4 Nærmiljø.....	10
3 Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	12
3.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse	12
3.2 Ressursutnytting	14
3.3 Læringsmiljø:	15
3.4 Nærmiljø.....	18
4 Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	19
4.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse	19
4.2 Ressursutnytting	21
4.3 Læringsmiljø	22
4.4 Nærmiljø.....	25
5 Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	26
5.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse	26
5.2 Ressursutnytting	28
5.3 Læringsmiljø:	29
5.4 Nærmiljø.....	32
6 Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	33
6.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse	33
6.2 Ressursutnytting	35
6.3 Læringsmiljø	36
6.4 Nærmiljø.....	38
Oppsummering.....	40

1 Innleiing

Med bakgrunn i kommunen sitt kunnskapsgrunnlag, strategisamling med arbeidsgruppe og styringsgruppe samt strategisamling med leiargruppa i oppvekst og kultur, har ein utarbeida forslag til alternativ for framtidig skulestruktur i Ulstein kommune.

Alternativa er vurdert opp i mot fire hovudområde med tilhøyrande målsetjingar/kriterie:

1. Utvikling, kvalitet og kompetanse

- Rekruttering av lovpålagd kompetanse
- Profesjonsfagleg fellesskap
- Robuste leiarteam
- Samarbeid med PPT, skulehelsetenesta, barnevernstenesta m.fl.

2. Ressursutnytting

- Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal i Ulstein kommune
- Effektiv og smidig bygningsdrift

3. Læringsmiljø

- Fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring
- Trivsel, venskap og gode relasjonar
- Trygg skuleveg
- Reisetid for barn og elevar

4. Nærmiljø

- Gode nærmiljø

Målsettingane vert vurdert etter skalaen:

Høg	Alternativet fremjar målsettinga i høg grad	
Middels	Alternativet fremjar målsettinga i middels grad	
Låg	Alternativet fremjar målsettinga i låg grad	

2 Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsværk.

2.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsværk	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
På 10 år er talet på søkerar til lærarutdanninga nærmast halvert nasjonalt. Det er grunn til å tru at lærarar dei neste åra i større grad kan velje mellom arbeidsstad etter attraktivitet. Erfaring frå fleire kommunar viser at nyutdanna i større grad søker seg til større fagmiljø. Nyutdanna lærarar har gått ein skulegang der dei er vane med å samarbeide i team, og det vil vere grunn til å tru at fleire ønskjer å samarbeide slik på framtidige arbeidsplassar. Truleg vil fleire av desse søke større faglege miljø. Med fire barneskular i Ulstein har vi i dag små fagmiljø spesielt ved Ulstein skule og Haddal skule. Skal ein ta ned tal på stillingar ytterlegare vil fagmiljøa på den enkelte skule bli enda mindre. Generelt slit skular i distrikta med å få kvalifiserte søkerar på lærarstillingar. Noverande struktur fører til at fleire einingar må konkurrere om den same kompetansen. Vi konkurrerer om dei same tilsette både internt i kommunen, men også med nabokommunane våre. Det er grunn til å tru at små skular i større grad er utsatte for diskusjonar knytt til strukturendring og nedlegging, og at dette også kan påverke rekruttering og attraksjon negativt. Små skular har få tilsette å spele på og dette gjer dei sårbarer. Ny lærarutdanning med krav til mastergrad legg opp til spesialisering, og mange nyutdanna lærarar kjem ut i yrkeslivet med spesialisert undervisningskompetanse i berre i 3-4 fag. Etter kvart som allmennlærarar skal erstattast, kan det bli utfordrande for små skular å få tak i tilsette som har kompetanse i alle undervisningsfaga og som dekkjer heile fagspekteret.	

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk	
Fremjar alternativet profesjonsfagleg fellesskap	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Reduksjon i talet på assistenter og pedagogar vil gjere små kollegium endå mindre, spesielt i Ulstein og Haddal.</p> <p>Desse kollegia må ivareta elevar med ulike behov, som utviklingsforstyrringar, lærevanskar, og behov for framandspråk- eller teiknspråkkompetanse. Dei skal vere både generalistar og spesialistar. Dei skal ta trygge, grunngjevne avgjersler, ofte bygde på fagleg skjøn i profesjonsfellesskapet. Dei må utvikle faginhald og tverrfaglege tema, ta faglege avgjersler, og møte krav til kompetanse og dokumentasjon.</p> <p>Små kollegium kan ha utfordringar med fagleg breidde og djupne, vidareutdanning, og samarbeid om undervisning. Det blir færre tilsette for rektor å setje saman i team, og vanskelegare å ha fagteam i ulike fag.</p>	

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk	
Fremjar alternativet robuste leiarteam	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Med dette alternativet vil der ikkje vere rom for å auke tal på leiarressursar, men ein reduksjon. For Haddal skule vil leiarressursen reduserast frå 100% administrasjon for rektor til 50% administrasjon og 50% undervisning. For Ulstein skule vil leiarressursen reduserast frå 100% administrasjon til 80% administrasjon og 20% undervisning. For Ulsteinvik barneskule vil ein ikkje kunne halde på fire administrative leiarstillingar, men redusere til tre. For Hasund skule vil leiarressursen reduserast frå 180% administrasjon til 150%.</p> <p>Forventningane til skuleleiing og rektorrolla er svært store i dagens skule. Ein skuleleiar kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine; det er behov for at fleire deler på leiinga og har ulike ansvarsområde. Rekruttering av rektorer har lenge vore ei utfordring i norsk skule, og også i Ulstein kommune har tala på søkerar vore låge. Fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep for å løyse dette. Mellom anna har dei innført leiarteam der fleire har personalansvar. Dette tiltaket har også som føremål å betre rekrutteringa; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar lettare kan ta steget og søkje rektorjobbar.</p> <p>Rektorrolla er krevjande å ha åleine og oppgåvene er dei same uavhengig av om leiinga er liten eller stor. Ein reduksjon i bemanning vil gjere det enda vanskelegare å stette krava til organisasjonsutvikling, rapportering, skjønnsutøving, oppfølging av personale, saker knytt til trygt skolemiljø, osv.</p>	

Rektorane brukar mykje tid på administrative oppgåver, noko som går ut over deira moglegheit til å fokusere på pedagogisk leiing, kulturbygging og oppfølging av kommunale system for kvalitetsutvikling og økonomi. I tillegg er det ei forventning at rektor klarar å følgje opp forventningane til planarbeid, resultatoppfølging og dokumentasjon.

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk	
Fremjar alternativet samarbeid med støttetenester (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Oppvekstreforma pålegg dei kommunale etatane innafor oppvekstsektoren å samarbeide tett, og å framstå som eit samla lag rundt barna. Krava til samhandling er store. Utdanningsdirektoratet sin strategi for kompetanseutvikling stiller klare forventningar om at skuleigar systematisk legg til rette for kompetanseutvikling i grunnskulen og flyttar ressursane tettare på barn og elevar. Ulstein er BTI-kommune, og mykje av samarbeidet vert koordinert i denne modellen. Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarressurs det skal vere i skulane. Samtidig har PP-tenesta ei forventning om å vere tettare på elevane og skulane, og å flytte meir av innsatsen frå individuelt sakkunnig arbeid til førebyggjande, systematisk utviklingsarbeid og kompetanseheving i skulekvardagen.</p> <p>Dagens struktur med fire barneskular er i mindre grad effektiv for støttetenestene. Ressursane vert spreidde på fleire einingar, og tilgjengelegheta og trefftid for elevane er høvesvis liten.</p> <p>Med fleire skular å forhalde seg til, vert det vanskelegare for støttetenestene å gå i djupna på dei spesifikke behova til kvar skule og elev. Koordinering med mange skular kan føre til auka reisetid, kommunikasjonsutfordringar og mindre effektivt samarbeid.</p>	

2.2 Ressursutnytting

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk	
Er alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal i Ulstein kommune	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Elevtalet for 1.-7. trinn i Ulstein kommune har vist ein generell nedgang frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025. I 2010/2011 var det for barnetrinnet 834 elevar, medan det i 2024/2025 var 730 elevar, noko som utgjer ein nedgang på 12,47 %. SSB sitt hovudalternativ viser at elevtalet i Barneskulane vil halde seg relativt stabilt fram mot 2050.</p> <p>Med dette elevtalet kan det bli vanskeleg å oppretthalde eit breitt spekter av tilbod og aktivitetar på kvar skule. Dette kan påverke kvaliteten på undervisninga og elevane sine læringsmoglegheiter. Både Ulstein og Haddal er i dag fådelt skule på enkelte klassetrinn. Dette stiller større krav til lærarane til å kunne yte ei god tilrettelagd undervisning for alle elevane. Reduksjon i bemanning vil det føre til at skulane må samle fleire trinn i større grad enn før.</p> <p>Å drifta fleire skular med lågt elevtal kan vere økonomisk utfordrande. Det vil vere meir kostnadseffektivt å samla ressursane på færre skular.</p> <p>Kapasitetsanalysen av Barneskulane viser ein maks kapasitet på 1171 elevar på barnetrinnet for dei fire skulane. Med eit samla elevtal i Barneskulane på 730 elevar utgjer dette ein overkapasitet på 441 elevar, eller om lag 60% per i dag og sett opp i mot eit stabilt elevtal på barnetrinnet fram mot 2050.</p> <p>Med så stor overkapasitet ser ein difor strukturen som lite berekraftig over tid, og det er grunn til å tru at spørsmål kring struktur vil reisast også framover, mellom anna grunna den demografiske utviklinga både i landet og i Ulstein.</p>	

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk	
Alternativet fremjar effektiv og smidig bygningsdrift	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Dagens struktur gir fire barneskular med tilhøyrande bygg ein skal kjenne eigarskap til, halde reine, halde ved like, varme opp og utvikle i tråd med dagens og framtidas krav til formålsbygg. Fire separate uteområde skal kontrollerast og inspiserast etter sjekklistar for vedlikehaldsbehov og tryggleik. I tillegg kjem vintervedlikehald, vedlikehald av plen og natur, renovasjon og overvaking av tekniske anlegg.</p>	

Kommunen manglar gode vedlikehaldsplanar som syner vedlikehald- og oppgraderingsetterslep skulane , men med dei økonomiske rammene vi har til vedlikehald , vil vedlikehaldsetterslepet berre auke.

2.3 Læringsmiljø

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk

Alternativet fremjar fysisk miljø, likeverdig tilbod til tilpassa leik og læring

Vurdering

Utgreiing/moment i vurderinga

Barneskulane i Ulstein har overkapasitet med dagens elevtal, og såleis høvesvis store generelle læringsareal. Det er ulikt i kor stor grad grupperom er godt tilkopla klasserom, men dei fleste klasseromma har grupperom i nærleiken, enkelte med direkte tilkomst frå klasserommet.

Spesialrom:

Ulstein har skulekjøken, og godkjent rom til kunst og handverk. Ny opplæringslov seier at alle skular skal ha eit skulebibliotek og Ulstein har avgrensa plass til dette.

Haddal har skulebibliotek som Ulstein, rom til kunst og handverk, skulekjøken og musikkrom.

Hasund har skulekjøken, men manglar musikkrom og godkjent rom til kunst og handverk.

Ulsteinvik barneskule har skulebibliotek som Ulstein, to rom knytt til kunst og handverk og musikkrom.

Uteområde:

I spørjeundersøkinga til elevane (5.-10 trinn) blei det stilt spørsmål om kor godt ein likte uteområdet ved skulen sin. Haddal og Ulstein var dei skulane der elevane i størst grad var tilfreds med uteområdet ved skulen. Ulsteinvik barneskule og ungdomskulen fekk dårlegast resultat.

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk

Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	

Barneskulelevane som bur meir enn fire kilometer frå skulen, har rett til gratis skuleskyss. For skuleåret 24/25 var det 85 barneskulelevar (1-7 trinn) som fekk gratis skuleskyss. Dei med lengst reiseveg er elevane frå Eiksund til Haddal som utgjer under 9,8 km (sju minutt inklusiv stopp) og Flø til Ulstein skule som utgjer under 7,5 km (10 min inklusiv stopp).

Fylkeskommunen i M&R og opplæringslova har i dag ikkje sett nokon klar definisjon over kva som er akseptabel reisetid/reiseveg og at denne må vurderast ut i frå eleven sin alder og ferdighet, og at målsetjinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skuleskyssen.

Andre fylkeskommuner (bla, Viken og Telemark) har definert: «*Elevens samlede reise- og ventetid søkes begrenset til 45 min. for 1.-3. årstrinn, 60 min. for 4.-6. årstrinn og 75 min. for 7.-10 årstrinn, hver vei.*»

I spørjeundersøkinga til føresette på barneskulane blei det stilt spørsmål om kva som er akseptabel reisetid inklusiv stopp/venting. Nedanfor viser korleis svara fordelte seg mellom alternativa:

0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt
27%	45%	23%	4%	0%

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk

Alternativet fremjar trygg skuleveg	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	

Fleirtalet av barneskulelevane i Ulstein kommune kan i dag gå og/eller sykle til skulen. For skuleåret 24/25 var det 85 barneskulelevar (1-7 trinn) og 108 ungdomsskulelevar (7-10 trinn) som fekk gratis skuleskyss på grunn av lang eller farleg skuleveg. Dette utgjer ca 10% av elevane i Ulstein kommune.

Basert på svara frå spørjeundersøkingane frå både føresette og elevar, er det klart at fleirtalet opplever skulevegen som trygg.

Føresette:

- 47 % meiner at skulevegen er trygg i stor grad.
- 17 % meiner at den er trygg i veldig stor grad.
- 17 % er nøytrale.

- 18 % meiner at skulevegen er trygg i liten eller veldig liten grad.

Elevar:

- 39 % meiner at skulevegen er trygg i stor grad.
- 34 % meiner at den er trygg i veldig stor grad.
- 17 % er nøytrale.
- 7 % meiner at skulevegen er trygg i liten eller veldig liten grad.

Samla sett viser dette at både føresette og elevar har ei positiv oppfatning av tryggleiken på skulevegen, sjølv om det framleis er nokre som har bekymringar.

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk

Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar

Vurdering

Utgreiing/moment i vurderinga

Elevtalet på kulla i krinsane (1-7 trinn) varierer frå 4 til 77 elevar. Det er difor store forskjellar mellom skulane i forhold til klasse samansetjing og gruppestørleikar. Det er generelt rapportert i undersøkingane om høg trivsel dei ulike skulane. Alternativet med auka bemanningskutt vil kunne føre til meir bruk av fådelte klasser på Haddal og Ulstein.

Nokre kan kjenne seg tryggare med dagens organisering og små klassar. Andre kunne oppleve det som positivt å få fleire klassekameratar og eit større miljø.

2.4 Nærmiljø

Alternativ 0: Framhald av dagens organisering, med kutt i bemanning og lærarårsverk

Alternativet fremjar nærmiljø

Vurdering

Utgreiing/moment i vurderinga

Ulstein kommune har lagt klare føringar for utviklinga av oppvekstsektoren i sine overordna planar. Levekårsplanen 2020–2032 og Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2029 understrekar viktigheita av gode og trygge skular og nærmiljø for barn og unge.

Planane framhevar at heilskap og samanheng i oppveksten er avgjerande for å møte framtida, og at ressursar må kanaliserast til tidleg innsats og førebygging. Det er òg eit mål å utvikle attraktive nærmiljø i heile kommunen, utan å bidra til utarming av bygdene.

Samfunnssdelen av kommuneplanen legg vekt på at sentrum og krinsane skal spele kvarandre gode, og at kommunen skal sikre tenester nær folk samtidig som den driv berekraftig og effektivt.

Dagens struktur medfører fire barneskulekrinsar (tre små og ein stor i sentrum). Nærskulane har fine kvalitetar. Innbyggjarane synes å vere glade i skulane sine. Nokre knyter identitet til dei og for mange kan det vere trygt å halde fram med det ein har.

Tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar viser at lokalmiljøet nyttar skulane (skulelokale og uteområde) til ulike føremål både ettermiddagar og helgar.

Elevundersøkinga viser at bruken av uteområdet/skuleområdet på fritida varierer mellom skulane. Hasund skule har flest elevar som brukar området fleire gongar i veka (38 %), medan Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule har mange som aldri brukar området (29 % og 22 %). Totalt sett brukar 26 % området fleire gongar i veka, medan 19 % brukar det nokre få gongar i månaden. 23 % brukar området nokre få gongar i året.

Spørjeundersøkinga til føresette viser at bruken av skulebygga på fritida varierer mellom områda. I Haddal svarar heile 82 % av familiene at dei brukar skulebygga minst ein gong i veka, medan i Ulsteinvik er det berre 8 %. Generelt sett brukar 21 % av familiene skulebygga minst ein gong i veka, medan 34 % brukar dei sjeldnare enn ein gong i månaden. Det er også verdt å merke seg at 33 % av familiene aldri brukar skulebygga på fritida.

Det er grunn til å tru at dagens barneskulestruktur ikkje er eintydig berekraftig i eit slikt lys, og at det dermed ikkje er ein solid struktur som nødvendigvis vil stå seg over tid. Slik sett er det ikkje sikkert dagens struktur vil vere eit føreseieleg tilbod for innbyggjarane i kommunen; Med noverande struktur kan ein rekne med diskusjonar knytt til strukturendringar og nedlegging av skular i kommunen også framover.

3 Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule

3.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>På 10 år er talet på søkerarar til lærarutdanninga nærast halvert nasjonalt.</p> <p>Det er grunn til å tru at lærarar dei neste åra i større grad kan velje mellom arbeidsstad etter attraktivitet. Erfaring frå fleire kommunar viser at nyutdanna i større grad søker seg til større fagmiljø. Ulstein kommune vil framover måtte kjempe om både arbeidskraft og kompetanse</p> <p>Alternativet medfører eit noko marginalt større fagmiljø, ved at ein går frå fire til tre barneskular, med fleire elevar på den største skulen i kommunen. Ein vil framleis ha eit relativt lite fagmiljø på Haddal. Det kan det bli utfordrande for små skular å få tak i tilsette som har kompetanse i alle undervisningsfaga og som dekkjer heile fagspekteret.</p>	

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet profesjonsfagleg fellesskap	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Fagmiljøet ved Ulsteinvik barneskule vil kunne verte marginalt større, sjølv om denne effekten vert høvesvis liten grunna meir optimaliserte gruppestørleikar etter lærarnorm.</p> <p>Endringa vil føre til ei ny samansetjing av personalgruppa, der tilsette frå Ulstein skule blir ein del av kollegiet ved Ulsteinvik barneskule. Dette opnar for ny kulturbrygging og fagleg utvikling, der ein kan ta med seg og vidareutvikle det beste frå begge skulane.</p> <p>Med dette alternativet vil Haddal skule framleis ha eit lite kollegium, noko som kan avgrense moglegheitene for fagleg samarbeid og profesjonsfellesskap. Desse kollegia må ivareta elevar med ulike behov, som utviklingsforstyrningar, lærevanskar, og behov for framandspråk- eller teiknspråkkompetanse. Dei skal vere både generalistar og spesialistar. Dei skal ta trygge, grunngjevne avgjersler, ofte bygde på fagleg skjøn i profesjonsfellesskapet. Dei må utvikle faginhald og tverrfaglege tema, ta faglege avgjersler, og møte krav til kompetanse og dokumentasjon.</p> <p>Små kollegium kan ha utfordringar med fagleg breidde og djupne, vidareutdanning, og samarbeid om undervisning. Det blir færre tilsette for rektor å setje saman i team, og vanskelegare å ha fagteam i ulike fag.</p>	

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet robuste leiarteam	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Forventningane til skuleleiing og rektorrolla er svært store i dagens skule. Ein person kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine; det er behov for at fleire deler på leiinga og har ulike ferdigheiter. Rekruttering av rektorer har lenge vore ei utfordring i norsk skule, og fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep for å løyse dette. Mellom anna har dei innført leiarteam der fleire har personalansvar. Dette tiltaket har også som føremål å betre rekrutteringa; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar, lettare kan ta steget og søkje rektorjobbar.</p> <p>Ulsteinvik barneskule har i dag ein skuleadministrasjon bestande av rektor, assisterande rektor, avdelingsleiar avdelingsleiar og sosialleiar, SFO –koordinator og merkantil ressurs. Ein vurderer dette som ei organisering som gir eit robuste leiarteam og føreseieleg leiing ved skulen, med meir fokus på pedagogisk leiing og personalleiing. Ein vurderer at denne organiseringa er tilstrekkeleg for å ta inn og handtere det auka elevtalet.</p> <p>Alternativet vil gi innsparingar i høve ressursar tilsvarande administrasjonen ved Ulstein skule. Ein vil med alternativet ha skuleleiing ved Hasund skule og Haddal skule som skildra i alternativ 0.</p>	

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet samarbeid med støttetenester (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Krava til samhandling er store. Utdanningsdirektoratet sin strategi for kompetanseutvikling stiller klare forventningar om at skuleeigar systematisk legg til rette for kompetanseutvikling i grunnskulen og flyttar ressursane tettare på barn og elevar. Ulstein er BTI-kommune, og mykje av samarbeidet vert koordinert i denne modellen. Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarressurs det skal vere i skulane. Samtidig har PP-tenesta ei forventning om å vere tettare på elevane og skulane, og å flytte meir av innsatsen frå individuelt sakkunnig arbeid til førebyggjande, systemisk utviklingsarbeid og kompetanseheving i skulekvardagen.</p> <p>Tre barneskular sett opp i mot fire barneskular vil vere meir effektivt for støttetenestene, ressursane vert fordelt på færre einingar, og tilgjengeleghet og trefftid for elevane vil bli større.</p> <p>Med færre skular å forhalde seg til, kan støttetenestene gi meir skreddarsydd og personleg støtte til kvar skule og elev. Dette kan bidra til betre tilpassa løysingar og meir effektiv hjelp. Det blir lettare å bygge sterke og tillitsfulle relasjonar mellom støttetenestene og</p>	

skulane når det er færre skular å forhalde seg til. Dette kan føre til betre samarbeid og forståing.

3.2 Ressursutnytting

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule																													
Er alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal i Ulstein kommune	Vurdering																												
Utgreiing/moment i vurderinga																													
<p>Elevtalet for 1.-7. trinn i Ulstein kommune har vist ein generell nedgang frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025. I 2010/2011 var det 834 elevar, medan det i 2024/2025 var 730 elevar, noko som utgjer ein nedgang på 12,47 %. SSB sitt hovudalternativ viser at elevtalet i barneskulane vil halde seg relativt stabilt fram mot 2050.</p> <p>Ulsteinvik barneskule (A og B - bygget) A-bygget: Bruksareal generelt læringsareal er 1015 m², som gir ein kapasitet på 216 elevar. Skulen har 20 klasserom og 10 grupperom. B-bygget: Den nye delen av skulen har eit totalt areal på cirka 2430 m² og inneholder 9 klasserom med ein gjennomsnittleg størrelse på 69 m². Samla kapasitet for begge bygg er 651 elevar basert på generelt læringsareal.</p> <p>Ulsteinvik barneskule hadde ved inngangen av skuleåret 24/25 452 elevar ved skulen (bor 459 elevar i sentrumskrinsen).</p> <p>Ulstein skule hadde 73 elevar om ein ser vekk i frå innføringsklasser (bor 54 i krinsen). Samla elevtal ved skulane om ein slår saman elevgruppene vil for skuleåret 24/25 vere 574 elevar.</p>																													
<table border="1"> <thead> <tr> <th></th><th>2024/25</th><th>2025/26</th><th>2026/27</th><th>2028/29</th><th>2029/30</th><th>2030/31</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Ulstein skule*</td><td>54</td><td>55</td><td>51</td><td>51</td><td>52</td><td>48</td></tr> <tr> <td>Ulsteinvik barneskule</td><td>459</td><td>458</td><td>469</td><td>447</td><td>434</td><td>422</td></tr> <tr> <td>Elevtalsutvikling</td><td>513</td><td>513</td><td>520</td><td>498</td><td>486</td><td>470</td></tr> </tbody> </table> <p>(*Ulstein skule basert på elevar busett i krinsen eks. flyktning)</p> <p>Dette alternativet inneber at elevane frå Ulstein skule vert overført til Ulsteinvik barneskule. Ved å samle desse elevane, vil ein kunne opprette tre nye klassar med ein klassestorleik på mellom 19 og 25 elevar. Dette er innanfor pedagogisk forsvarlege rammer, og gir rom for elevvekst. Det er i tillegg rom og kapasitet til elevane frå flyktningmottaket.</p> <p>Framskridingane viser at barneskulen vil ha ein ekstrakapasitet på ca 150 elevar framover om skulen må ta i mot elevane frå Ulstein skule. Alternativet vil difor i høg grad vere tilpassa forventa framtidig elevtal for dei to krinsane.</p> <p>Kapasitetsanalysen av barneskulane der ein ikkje tek med Ulstein skule gir ein maks kapasitet på 1051 elevar for barnetrinnet for dei tre skulane. Sett opp i mot elevtalet på</p>			2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31	Ulstein skule*	54	55	51	51	52	48	Ulsteinvik barneskule	459	458	469	447	434	422	Elevtalsutvikling	513	513	520	498	486	470
	2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31																							
Ulstein skule*	54	55	51	51	52	48																							
Ulsteinvik barneskule	459	458	469	447	434	422																							
Elevtalsutvikling	513	513	520	498	486	470																							

730 elevar på barnetrinna utgjer dette ein overkapasitet på 321 elevar, eller om lag 44% per i dag og sett opp i mot eit stabilt elevtal fram mot 2050.

Med så stor overkapasitet ser ein difor strukturen som mindre berekraftig over tid, og det er grunn til å tru at spørsmål kring struktur vil reisast også framover, mellom anna grunna den demografiske utviklinga både i landet og i Ulstein

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik Barneskule	
Alternativet fremjar effektiv og smidig bygningsdrift	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Strukturendringa vil ikkje direkte redusere skulebyggporteføljen til kommunen såframt ein ikkje vel å selje Ulstein skule. Om bygget nyttast til andre aktivitetar vil kommunen framleis måtte forvalte, drifte og vedlikehalde det. Endra aktivitet vil også kunne påverke korleis bygget bør driftast, oppvarmast og vedlikehaldast.</p> <p>Kommunen manglar gode vedlikehaldsplanar som syner vedlikehald- og oppgraderingsetterslep for skulane, men med dei økonomiske rammene vi har til vedlikehald, vil vedlikehaldsetterslepet berre auke.</p>	

3.3 Læringsmiljø:

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik Barneskule	
Alternativet fremjar fysisk miljø, likeverdig tilbod til tilpassa leik og læring	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Elevar frå Ulstein skule vil med alternativet få tilgang til musikkrom og godkjente rom til kunst og handverk og skulebibliotek.</p> <p>Uteområde: I spørjeundersøkinga til elevane (5.-10. trinn) blei det stilt spørsmål om kor godt ein likte uteområdet ved skulen sin. Haddal og Ulstein var dei skulane der elevane i størst grad var tilfreds med uteområdet ved skulen. Ulsteinvik Barneskule og ungdomsskulen fekk dårlegast resultat.</p>	

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule

Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Vurdering
--	-----------

Utgreiing/moment i vurderinga

Frå eit folkehelseperspektiv er det ønskjeleg at flest mogleg elevar går eller syklar til skulen, då dette fremjar fysisk aktivitet og god helse. Ei samanslåing av skular kan føre til at fleire elevar må ta buss til skulen, noko som kan redusere moglegheita for å gå eller sykle. Lengre reisetid kan også påverke korleis elevane opplever skulevardagen, både fysisk og mentalt.

Lengste reiseveg vil med alternativet vere for elevane frå Flø. Dette vil kunne opplevast som ei negativ endring. Frå Ytre Flø (der vegen stoppar) til Gjerdegata ovanfor Ulstein Arena er det der i dag ca 10 km (13 min + stopp med buss). Elevane frå Skeide (utanom førsteklassingane) vil ikkje ha rett på gratis skuleskyss.

I spørjeundersøkinga til føresette på barneskulane blei det stilt spørsmål om kva som er akseptabel reisetid inklusiv stopp/venting. Nedanfor viser korleis svara fordelte seg mellom alternativa:

0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt
27%	45%	23%	4%	0%

Fylkeskommunen i M&R og opplæringslova har i dag ikkje sett nokon klar definisjon over kva som er akseptabel reisetid/reiseveg og at denne må vurderast ut i frå eleven sin alder og ferdighet, og at målsetjinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skuleskyssen.

Andre fylkeskommuner (bla, Viken og Telemark) har definert: «*Elevens samlede reise- og ventetid søkes begrenset til 45 min. for 1.-3. årstrinn, 60 min. for 4.-6. årstrinn og 75 min. for 7.-10 årstrinn, hver vei.*»

Endringane vil for dei som på bur på Flø tilsvare reiseveg/reisetid som ungdomselevane har i dag og ein vurderer denne som akseptabel.

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule

Alternativet fremjar trygg skuleveg	Vurdering
-------------------------------------	-----------

Utgreiing/moment i vurderinga

Med den nye organiseringa vil framleis fleirtalet av barneskuleelevarne i Ulstein kommune i dag gå og/eller sykle til skulen, men alternativet vil føre til at færre elevar kan gå eller sykle til skulen. Dei som har rett til det, vil få skyss anten grunna lang skuleveg og/eller trafikkfarleg skuleveg.

For skuleåret 24/25 var det 85 barneskulelevar (1-7 trinn) og 108 ungdomsskulelevar (7-10 trinn) som fekk gratis skuleskyss på grunn av lang eller farleg skuleveg. Dette utgjer ca 10% av elevane i Ulstein kommune.

For elevane frå Ulstein skule vil elevane frå Flø framleis ha rett til gratis skuleskyss. Elevane frå Skeide (39 stk) vil i utgangspunkt ikkje ha rett til gratis skuleskyss utanom førsteklassingane (6 stk neste år). Totalt vil det med utgangspunkt i neste skuleår bety at 6 fleire elevar vil ha rett på skuleskyss. Totalt vil dette koste ca 50 000 kr eks mva. ekstra i skyssutgifter.

For elevane på Ulstein/Skeide vil reisevegen med å gå (35-40 min)/sykle (10/15 min)bli lengre.

Ein kan måtte rekne med noko meir køyring til SFO, sjølv om mange elevar også i dag vert køyrde. Ein bør vurdere utbetringar av moglegheit for busstransport ved skulen (vegen ovanfor Ulstein arena).

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjoner	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Alternativet vil gi parallelklasser med klassestorleikar på mellom 19-25 elevar. Elevane melder tilbake om høg trivsel på skulane sine, og det er høvesvis gode tilbakemeldingar frå skulane på elevundersøkinga.</p> <p>Det kan bli enklare for fleire elevar å finne vene, og skulane kan, i samarbeid med foreldre og støttetenester, få moglegheit til å fordele elevar i parallelklassar på ein god måte, basert på behov, interesser og faglege vurderingar knytt til læringsmiljøet.</p> <p>Nokre elevar kan kjenne seg tryggare med dagens organisering og små klassar. Andre kan oppleve det som positivt å få fleire klassekameratar og eit større miljø; ein kan finne fleire likesinna, og det blir ikkje så sårbart dersom det er få gutter eller jenter i klassen. Elevane vil bli kjende med kvarandre på tvers av bygder og kretsar gjennom skulen, og ikkje berre gjennom idrett og kultur, slik det er i dag.</p>	

3.4 Nærmiljø

Alternativ 1: Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar nærmiljø	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Ulstein kommune har lagt klare føringar for utviklinga av oppvekstsektoren i sine overordna planar. Levekårsplanen 2020–2032 og Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2029 understrekar viktigheita av gode og trygge skular og nærmiljø for barn og unge.</p> <p>Planane framhevar at heilskap og samanheng i oppveksten er avgjerande for å møte framtida, og at ressursar må kanaliserast til tidleg innsats og førebygging. Det er òg eit mål å utvikle attraktive nærmiljø i heile kommunen, utan å bidra til utarming av bygdene. Samfunnsdelen av kommuneplanen legg vekt på at sentrum og krinsane skal spele kvarandre gode, og at kommunen skal sikre tenester nær folk samtidig som den driv berekraftig og effektivt.</p> <p>Alternativet inneber at talet på barneskular i kommunen blir redusert frå fire til tre, ved at Ulstein skule vert lagt ned. Dette vil kunne opplevast som eit tap for bygda, og dei som bur der. Enkelte vil stille spørsmål om nedlegging av Ulstein skule kan gjere bygda mindre attraktiv for etablerarar.</p> <p>Nærskulane har fine kvalitetar. Innbyggjarane synes å vere glade i skulane sine. Nokre knyter identitet til dei og for mange kan det vere trygt å halde fram med det ein har. Tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar viser at lokalmiljøet nyttar skulane (skulelokale og uteområde) i til ulike føremål både ettermiddagar, helgar og til ulike arrangement.</p> <p>Etterbruk av bygget vil spele inn på moglegheita for at lag og organisasjonar og lokalmiljøet framleis vil få tilgang til klasserom, gymsal eller andre fasilitetar på ettermiddagar og helger. Slik etterbruk må handsamast som eiga sak.</p> <p>Ein etterbruk som gir lag og organisasjonar i nærmiljøet tilsvarande eller betre tilgang til fasilitetar slik ein har det i dag, vil kunne redusere dei negative konsekvensane.</p> <p>Elevundersøkinga viser at bruken av uteområdet/skuleområdet på fritida varierer mellom skulane. Ulstein skule har ein variert bruk av uteområdet på fritida, med 31% av elevane som brukar det fleire gongar i veka og 29% som brukar det nokon få gongar i året.</p> <p>Spørjeundersøkinga til føresette viser at Ulstein skule har ein meir variert bruk, med 12% som brukar skulebygga minst ein gong i veka og 48% som brukar det sjeldnare enn ein gong i månaden. Berre 16% av familiar ved Ulstein skule brukar aldri skulebygga.</p>	

4 Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule

4.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>På 10 år er talet på søkerar til lærarutdanninga nærast halvert nasjonalt.</p> <p>Det er grunn til å tru at lærarar dei neste åra i større grad kan velje mellom arbeidsstad etter attraktivitet. Erfaring frå fleire kommunar viser at nyutdanna i større grad søker seg til større fagmiljø. Ulstein kommune vil framover måtte kjempe om både arbeidskraft og kompetanse</p> <p>Alternativet medfører eit noko marginalt større fagmiljø, ved at ein går frå fire til tre barneskular, med fleire elevar på den største skulen i kommunen. Ein vil framleis ha eit relativt lite fagmiljø på Ulstein. Erfaringar viser at det kan vere krevjande for små skular å rekruttere tilsette med kompetanse i alle undervisningsfaga og som kan dekkje heile breidda i fagspekteret.</p>	

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet profesjonsfagleg fellesskap	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Fagmiljøet ved Ulsteinvik barneskule vil kunne verte marginalt større, sjølv om denne effekten vert høvesvis liten grunna meir optimaliserte gruppestørleikar etter lærarnorm.</p> <p>Endringa vil føre til ei ny samansetjing av personalgruppa, der tilsette frå Haddal skule blir ein del av kollegiet ved Ulsteinvik barneskule. Dette gjev høve til ny kulturbygging og læring der ein kan ta med det beste frå begge skulane.</p> <p>Med alternativet vil ein framleis få små kollegium på Ulstein. Desse kollegia må ivareta elevar med ulike behov, som utviklingsforstyrningar, lærevanskar, og behov for framandspråk- eller teiknspråkkompetanse. Dei skal vere både generalistar og spesialistar. Dei skal ta trygge, grunngjevne avgjersler, ofte bygde på fagleg skjøn i profesjonsfellesskapet. Dei må utvikle faginhald og tverrfaglege tema, ta faglege avgjersler, og møte krav til kompetanse og dokumentasjon.</p>	

Små kollegium kan ha utfordringar med fagleg breidde og djupne, vidareutdanning, og samarbeid om undervisning. Det blir færre tilsette for rektor å setje saman i team, og vanskelegare å ha fagteam i ulike fag.

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet robuste leiarteam	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Forventningane til skuleleiing og rektorrolla er svært store i dagens skule. Ein person kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine; det er behov for at fleire deler på leiinga og har ulike ferdigheiter. Rekruttering av rektorer har lenge vore ei utfordring i norsk skule, og fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep for å løyse dette. Mellom anna har dei innført leiarteam der fleire har personalansvar. Dette tiltaket har også som føremål å betre rekrutteringa; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar, lettare kan ta steget og søkje rektorjobbar.</p> <p>Ulsteinvik barneskule har i dag ein skuleadministrasjon bestande av rektor, assisterande rektor, avdelingsleiar avdelingsleiar og sosialleiar, SFO –koordinator og merkantil ressurs. Ein vurderer dette som ei organisering som gir eit robuste leiarteam og føreseieleg leiing ved skulen, med meir fokus på pedagogisk leiing og personalleiing. Ein vurderer at denne organiseringa er tilstrekkeleg for å ta inn og handtere det auka elevtalet.</p> <p>Alternativet vil gi innsparinger i høve ressursar tilsvarande administrasjonen ved Haddal skule. Ein vil med alternativet ha skuleleiing ved Hasund skule og Ulstein skule som skildra i alternativ 0.</p>	

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet samarbeid med støttetenester (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Krava til samhandling er store. Utdanningsdirektoratet sin strategi for kompetanseutvikling stiller klare forventningar om at skuleeigar systematisk legg til rette for kompetanseutvikling i grunnskulen og flyttar ressursane tettare på barn og elevar. Ulstein er BTI-kommune, og mykje av samarbeidet vert koordinert i denne modellen. Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarressurs det skal vere i skulane. Samtidig har PP-tenesta ei forventning om å vere tettare på elevane og skulane, og å flytte meir av innsatsen frå individuelt sakkunnig arbeid til førebyggjande, systemisk utviklingsarbeid og kompetanseheving i skulekvardagen.</p> <p>Tre barneskular sett opp i mot fire barneskular vil vere meir effektivt for støttetenestene ressursane vert spreidde på færre einingar, og tilgjengelegheit og trefftid for elevane vil</p>	

kunne bli større.

Med færre skular å forhalde seg til, kan støttetenestene gi meir skreddarsydd og personleg støtte til kvar skule og elev. Dette kan bidra til betre tilpassa løysingar og meir effektiv hjelp. Det blir lettare å bygge sterke og tillitsfulle relasjonar mellom støttetenestene og skulane når det er færre skular å forhalde seg til. Dette kan føre til betre samarbeid og forståing.

4.2 Ressursutnytting

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule																																		
Er alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal i Ulstein kommune						Vurdering																												
Utgreiing/moment i vurderinga																																		
<p>Elevtalet for 1.-7. trinn i Ulstein kommune har vist ein generell nedgang frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025. I 2010/2011 var det 834 elevar, medan det i 2024/2025 var 730 elevar, noko som utgjer ein nedgang på 12,47 %. SSB sitt hovudalternativ viser at elevtalet i barneskulane vil halde seg relativt stabilt fram mot 2050.</p> <p>Ulsteinvik barneskule (A og B - bygget) A-bygget: Bruksareal generelt læringsareal er 1015 m², som gir ein kapasitet på 216 elevar. Skulen har 20 klasserom og 10 grupperom. B-bygget: Den nye delen av skulen har eit totalt areal på cirka 2430 m² og inneholder 9 klasserom med ein gjennomsnittlig størrelse på 69 m². Samla kapasitet for begge bygg er 651 elevar basert på generelt læringsareal.</p> <p>Ulsteinvik barneskule hadde ved inngangen av skuleåret 24/25 452 elevar ved skulen (bor 459 elevar i sentrumskrinsen). Haddal skule hadde 49 elevar (bor 51 elevar i krinsen). Samla elevtal ved skulane om ein slår saman elevgruppene vil for skuleåret 24/25 vere 510 elevar.</p> <table border="1"><thead><tr><th></th><th>2024/25</th><th>2025/26</th><th>2026/27</th><th>2028/29</th><th>2029/30</th><th>2030/31</th></tr></thead><tbody><tr><td>Haddal skule</td><td>51</td><td>52</td><td>53</td><td>53</td><td>57</td><td>55</td></tr><tr><td>Ulsteinvik barneskule</td><td>459</td><td>458</td><td>469</td><td>447</td><td>434</td><td>422</td></tr><tr><td>Elevtalsutvikling</td><td>510</td><td>510</td><td>522</td><td>500</td><td>491</td><td>477</td></tr></tbody></table> <p>Dette alternativet fører til at tre nye klassar må oppretta ved Ulsteinvik barneskule, med klassestorleik frå 19 til 24 elevar. Alternativet vil vere innanfor pedagogisk forsvarlege rammer.</p> <p>Framskridingane viser at barneskulen vil ha ein ekstrakapasitet på ca 150 elevar framover om skulen må ta i mot elevane frå Haddal skule. Alternativet vil difor i høg grad vere tilpassa forventa framtidig elevtal for dei to krinsane.</p> <p>Kapasitetsanalysen av barneskulane der ein ikkje tek med Haddal skule gir ein maks kapasitet på 1051 elevar for barnetrinnet for dei tre skulane. Sett opp i mot elevtalet på</p>		2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31	Haddal skule	51	52	53	53	57	55	Ulsteinvik barneskule	459	458	469	447	434	422	Elevtalsutvikling	510	510	522	500	491	477						
	2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31																												
Haddal skule	51	52	53	53	57	55																												
Ulsteinvik barneskule	459	458	469	447	434	422																												
Elevtalsutvikling	510	510	522	500	491	477																												

730 elevar på barnetrinna utgjer dette ein overkapasitet på 321 elevar, eller om lag 44% per i dag og sett opp i mot eit stabilt elevtal fram mot 2050.

Med så stor overkapasitet ser ein difor strukturen som mindre berekraftig over tid, og det er grunn til å tru at spørsmål kring struktur vil reisast også framover, mellom anna grunna den demografiske utviklinga både i landet og i Ulstein

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar effektiv og smidig bygningsdrift	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Strukturendringa vil ikkje direkte redusere skulebyggporteføljen til kommunen såframt ein ikkje vel å selje Haddal skule. Om bygget nyttast til andre aktivitetar vil kommunen framleis måtte forvalte, drifte og vedlikehalde det. Endra aktivitet vil også kunne påverke korleis bygget bør driftast, oppvarmast og vedlikehaldast.</p> <p>Kommunen manglar gode vedlikehaldsplanar som syner vedlikehald- og oppgraderingsetterslep skulane , men med dei økonomiske rammene vi har idag til vedlikehald, vil vedlikehaldsetterslepet berre auke.</p>	

4.3 Læringsmiljø

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar fysisk miljø, likeverdig tilbod til tilpassa leik og læring	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Ei flytting av elevane frå Haddal vil gjere at dei har tilgang til dei same type spesialromma som dei hadde før.</p> <p>Uteområde: I spørjeundersøkinga til elevane (5.-10 trinn) blei det stilt spørsmål om kor godt ein likte uteområdet ved skulen sin. Haddal og Ulstein var dei skulane der elevane i størst grad var tilfreds med uteområdet ved skulen. Ulsteinvik barneskule og ungdomsskulen fekk dårlegast resultat.</p>	

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule											
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Vurdering										
Utgreiing/moment i vurderinga											
<p>Frå eit folkehelseperspektiv er det ønskjeleg at flest mogleg elevar går eller syklar til skulen, då dette fremjar fysisk aktivitet og god helse. Ei samanslåing av skular kan føre til at fleire elevar må ta buss til skulen, noko som kan redusere moglegheita for å gå eller sykle. Lengre reisetid kan også påverke korleis elevane opplever skulevardagen, både fysisk og mentalt.</p> <p>Lengste reiseveg vil med alternativet vere for elevane frå Eiksund. Dette vil kunne opplevast som ei negativ endring. Frå Eiksundkaia til Gjerdegata ovanfor Ulstein arena som vil vere stoppestad er det ca 20 km (20 min + stopp).</p> <p>I spørjeundersøkinga til føresette på barneskulane blei det stilt spørsmål om kva som er akseptabel reisetid inklusiv stopp/venting. Nedanfor viser korleis svara fordele seg mellom alternativa:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>0-10 minutt</th> <th>10-20 minutt</th> <th>20-30 minutt</th> <th>30-40 minutt</th> <th>over 40 minutt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>27%</td> <td>45%</td> <td>23%</td> <td>4%</td> <td>0%</td> </tr> </tbody> </table> <p>Fylkeskommunen i M&R og opplæringslova har i dag ikkje sett nokon klar definisjon over kva som er akseptabel reisetid/reiseveg og at denne må vurderast ut i frå eleven sin alder og ferdigheit, og at målsetjinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skuleskyssen.</p> <p>Andre fylkeskommuner (bla, Viken og Telemark) har definert: «<i>Elevens samlede reise- og ventetid søkes begrenset til 45 min. for 1.-3. årstrinn, 60 min. for 4.-6. årstrinn og 75 min. for 7.-10 årstrinn, hver vei.</i>»</p> <p>Endringane vil for dei på Eiksund og Haddal tilsvare reiseveg/reisetid som ungdomselevane har i dag og ein vurderer denne som akseptabel.</p>	0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt	27%	45%	23%	4%	0%	
0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt							
27%	45%	23%	4%	0%							

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar trygg skuleveg	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Med den nye organiseringa vil framleis fleirtalet av barneskuleelevarane i Ulstein kommune i dag gå og/eller sykle til skulen, men alternativet vil føre til at færre elevar kan gå eller sykle til skulen. Dei som har rett til det, vil få skyss anten grunna lang skuleveg og/eller trafikkfarleg skuleveg.</p> <p>For skuleåret 24/25 var det 85 barneskuleelevar (1-7 trinn) og 108 ungdomsskuleelevar (7-10 trinn) som fekk gratis skuleskyss på grunn av lang eller farleg skuleveg. Dette utgjer ca 10% av elevane i Ulstein kommune.</p>	

Med den nye organiseringa vil alle elevane frå Haddal skule ha rett til skuleskyss. Tek ein utgangspunkt i neste skuleår vil det bety at 26 fleire elevar vil ha rett til skuleskyss frå denne krinsen.

Totalt vil det med utgangspunkt i neste skuleår bety at 26 fleire elevar vil ha rett på skuleskyss i tillegg til at elevane frå Eiksund vil koste ei "takstsone ekstra". Totalt vil dette koste ca 240 000 kr eks mva. ekstra i skyssutgifter.

Ein kan måtte rekne med noko meir køyring til SFO, sjølv om mange elevar også i dag vert køyrde. Ein bør vurdere utbetingar av moglegheit for busstransport ved skulen (vegen ovanfor Ulstein arena).

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjoner	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga Elevane melder tilbake om høg trivsel på skulane sine, og det er høvesvis gode tilbakemeldingar frå skulane på elevundersøkinga. Det kan bli enklare for fleire elevar å finne vene, og skulane kan, i samarbeid med foreldre og støttetenester, få moglegheit til å fordele elevar i parallellklassar på ein god måte, basert på behov, interesser og faglege vurderingar knytt til læringsmiljøet. Nokre på Haddal kan kjenne seg tryggare med dagens organisering og små klassar. Andre kan oppleve det som positivt å få fleire klassekameratar og eit større miljø; ein kan finne fleire likesinna, og det blir ikkje så sårbart dersom det er få gutter eller jenter i klassen. Elevane vil bli kjende med kvarandre på tvers av bygder og kretsar gjennom skulen, og ikkje berre gjennom idrett og kultur, slik det er i dag.	

4.4 Nærmiljø

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar nærmiljø	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Ulstein kommune har lagt klare føringar for utviklinga av oppvekstsektoren i sine overordna planar. Levekårsplanen 2020–2032 og Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2029 understrekar viktigheita av gode og trygge skular og nærmiljø for barn og unge.</p> <p>Planane framhevar at heilskap og samanheng i oppveksten er avgjerande for å møte framtida, og at ressursar må kanaliserast til tidleg innsats og førebygging. Det er òg eit mål å utvikle attraktive nærmiljø i heile kommunen, utan å bidra til utarming av bygdene. Samfunnsdelen av kommuneplanen legg vekt på at sentrum og krinsane skal spele kvarandre gode, og at kommunen skal sikre tenester nær folk samtidig som den driv berekraftig og effektivt.</p> <p>Alternativet medfører at ein reduserar antalet Barneskular frå fire til tre i kommunen der Haddal skule vert lagt ned. Dette vil kunne opplevast som eit tap for bygda, og dei som bur der.</p> <p>Nærskulane har fine kvalitetar. Innbyggjarane synes å vere glade i skulane sine. Nokre knyter identitet til dei og for mange kan det vere trygt å halde fram med det ein har. Tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar viser at lokalmiljøet nyttar skulane (skulelokale og uteområde) i til ulike føremål både ettermiddagar, helgar og til ulike arrangement.</p> <p>Etterbruk av bygget vil spele inn på moglegheita for at lag og organisasjonar og lokalmiljøet framleis vil få tilgang til klasserom, gymsal eller andre fasilitetar på ettermiddagar og helger. Slik etterbruk må handsamast som eiga sak.</p> <p>Ein etterbruk som gir lag og organisasjonar i nærmiljøet tilsvarande eller betre tilgang til fasilitetar slik ein har det i dag, vil kunne redusere dei negative konsekvensane.</p> <p>Elevundersøkinga viser at tal elevar som brukte uteområdet fleire gongar i veka var 6%, men svara viste ein høgare tal som brukar det nokon få gongar i månaden (39%) og fleire gongar i månaden (22%).</p> <p>Spørjeundersøkinga til føresette viste at Haddal skule har ein svært høg tal familiarar som brukar skulebygga på fritida, med 82% som brukar det minst ein gong i veka. Ingen familiarar ved Haddal skule brukar aldri skulebygga.</p>	

5 Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule

5.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>På 10 år er talet på søkerar til lærarutdanninga nærast halvert nasjonalt.</p> <p>Det er grunn til å tru at lærarar dei neste åra i større grad kan velje mellom arbeidsstad etter attraktivitet. Erfaring frå fleire kommunar viser at nyutdanna i større grad søker seg til større fagmiljø. Ulstein vil framover måtte kjempe om både arbeidskraft og kompetanse</p> <p>Ein kan i større grad dekke krav med tanke på kompetanse innan basisfag, praktisk estetiske fag og spesialundervisning.</p> <p>Alternativet medfører eit noko større fagmiljø, ved at ein går frå fire til to barneskular, med fleire elevar på den nyaste skulen i kommunen. Nyutdanna lærarar har gått ein skulegang der dei er vane med å samarbeide i team, og det vil vere grunn til å tru at fleire ønskjer å samarbeide slik på framtidige arbeidsplassar. Det er difor grunn til å tru at alternativet fremjar rekruttering av kompetent arbeidskraft.</p>	Utgreiing/moment i vurderinga

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet profesjonsfagleg fellesskap	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Det vil i oppgraderte personalareal vere betre fasilitetar ved Ulsteinvik barneskule, t.d. med tanke på akustikk og lydsmitte. Ulsteinvik har møterom og fasilitetar for støttetenester som i nokon grad kan leggje meir til rette for samhandling mellom tilsette.</p> <p>Fagmiljøet ved Ulsteinvik barneskule vil kunne verte noko større, sjølv om denne effekten vert høvesvis liten grunna meir optimaliserte gruppestørleikar etter lærarnorm.</p> <p>Endringa vil føre til endring av samansetjing i personalgruppa. Tilsette frå både Haddal og Ulstein vil kunne bli ein del av det samla kollegiet ved Ulsteinvik barneskule. Dette gjev høve til ny kulturbygging og fagleg utvikling, der ein kan ta med seg det beste frå alle skulane.</p> <p>Det kan verte noko enklare å få til fagteam og større grad av samhandling på tvers av klassar/trinn.</p>	Utgreiing/moment i vurderinga

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Fremjar alternativet robuste leiarteam	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Forventningane til skuleleiing og rektorrolla er svært store i dagens skule. Ein person kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine; det er behov for at fleire deler på leiinga og har ulike ferdigheiter. Rekruttering av rektorer har lenge vore ei utfordring i norsk skule, og fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep for å løyse dette. Mellom anna har dei innført leiarteam der fleire har personalansvar. Dette tiltaket har også som føremål å betre rekrutteringa; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar, lettare kan ta steget og søkje rektorjobbar.</p> <p>Ulsteinvik barneskule har i dag ein skuleadministrasjon bestående av rektor, assisterande rektor, avdelingsleiar avdelingsleiar, sosialleiar, SFO –koordinator og merkantil ressurs. Ein vurderer dette som ei organisering som gir eit robuste leiarteam og føreseieleg leiing ved skulen, med meir fokus på pedagogisk leiing og personalleiing. Ein vurderer at denne organiseringa er tilstrekkeleg for å ta inn og handtere det auka elevtalet.</p> <p>Alternativet vil gi innsparinger i høve ressursar tilsvarende administrasjonen ved dei to nedlagte skulane.</p> <p>Oppgraderte personalareal kan til ein viss grad også leggje til rette for betre trivsel mellom tilsette, og lette skuleleiarane sitt arbeid i høve kulturyggjing.</p>	
Fremjar alternativet samarbeid med støttetenester (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Krava til samhandling er store. Utdanningsdirektoratet sin strategi for kompetanseutvikling stiller klare forventningar om at skuleeigar systematisk legg til rette for kompetanseutvikling i grunnskulen og flyttar ressursane tettare på barn og elevar. Ulstein er BTI-kommune, og mykje av samarbeidet vert koordinert i denne modellen. Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarressurs det skal vere i skulane. Samtidig har PP-tenesta ei forventning om å vere tettare på elevane og skulane, og å flytte meir av innsatsen frå individuelt sakkunnig arbeid til førebyggjande, systemisk utviklingsarbeid og kompetanseheving i skulekvardagen.</p> <p>Ein struktur med to barneskular er i større grad effektiv for støttetenestene i Ulstein kommune. Ressursane vert spreidde på færre einingar, og tilgjengelegeleita og trefftid for elevane vil bli større.</p>	

Med færre skular å forhalde seg til, kan støttetenestene gi meir skreddarsydd og personleg støtte til kvar skule og elev. Dette kan bidra til betre tilpassa løysingar og meir effektiv hjelp. Det blir lettare å bygge sterke og tillitsfulle relasjonar mellom støttetenestene og skulane når det er færre skular å forhalde seg til. Dette kan føre til betre samarbeid og forståing.

5.2 Ressursutnytting

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule																																								
Er alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal i Ulstein kommune					Vurdering																																			
Utgreiing/moment i vurderinga																																								
<p>Elevtalet for 1.-7. trinn i Ulstein kommune har vist ein generell nedgang frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025. I 2010/2011 var det 834 elevar, medan det i 2024/2025 var 730 elevar, noko som utgjer ein nedgang på 12,47 %. SSB sitt hovudalternativ viser at elevtalet i barneskulane vil halde seg relativt stabilt fram mot 2050.</p> <p>Ulsteinvik barneskule (A og B - bygget) A-bygget: Bruksareal generelt læringsareal er 1015 m², som gir ein kapasitet på 216 elevar. Skulen har 20 klasserom og 10 grupperom. B-bygget: Den nye delen av skulen har eit totalt areal på cirka 2430 m² og inneholder 9 klasserom med ein gjennomsnittlig størrelse på 69 m². Samla kapasitet for begge bygg er 651 elevar basert på generelt læringsareal.</p> <p>Ulsteinvik barneskule hadde ved inngangen av skuleåret 24/25 452 elevar ved skulen (det bur 459 elevar i sentrumskrinsen). Haddal skule hadde 49 elevar (bur 51 elevar i krinsen) og Ulstein skule hadde 73 elevar om ein ser vekk i frå innføringsklasser (bur 54 i krinsen). Samla elevtal ved skulane om ein slår saman elevgruppene vil for skuleåret 24/25 vere 574 elevar.</p>																																								
<table border="1"> <thead> <tr> <th></th><th>2024/25</th><th>2025/26</th><th>2026/27</th><th>2028/29</th><th>2029/30</th><th>2030/31</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Haddal skule</td><td>51</td><td>52</td><td>53</td><td>53</td><td>57</td><td>55</td></tr> <tr> <td>Ulstein skule*</td><td>54</td><td>55</td><td>51</td><td>51</td><td>52</td><td>48</td></tr> <tr> <td>Ulsteinvik barneskule</td><td>459</td><td>458</td><td>469</td><td>447</td><td>434</td><td>422</td></tr> <tr> <td>Elevtalsutvikling</td><td>564</td><td>565</td><td>573</td><td>551</td><td>543</td><td>525</td></tr> </tbody> </table>							2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31	Haddal skule	51	52	53	53	57	55	Ulstein skule*	54	55	51	51	52	48	Ulsteinvik barneskule	459	458	469	447	434	422	Elevtalsutvikling	564	565	573	551	543	525
	2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31																																		
Haddal skule	51	52	53	53	57	55																																		
Ulstein skule*	54	55	51	51	52	48																																		
Ulsteinvik barneskule	459	458	469	447	434	422																																		
Elevtalsutvikling	564	565	573	551	543	525																																		
<small>(*Ulstein skule basert på elevar busett i krinsen eks. flyktning)</small> <p>Dette alternativet inneber overføring av elevar frå begge skulane, med behov for opprettning av fire nye klassar og klassestorleik på mellom 21 og 25 elevar. Ulsteinvik barneskule vil med dette nytte 25 av 29 klasserom, og har framleis noko kapasitet for vekst. Det er i tillegg rom og kapasitet til elevane frå flyktningmottaket.</p> <p>Framskridingane viser at barneskulen vil ha ein ekstrakapasitet på ca 100 elevar framover om ein skulen må ta i mot elevane frå Ulstein skule og Haddal. Alternativet vi difor i høg grad vere tilpassa forventa framtidig elevtal for dei tre krinsane.</p>																																								

Kapasitetsanalysen av barneskulane der ein ikkje tek med Haddal og Ulstein skule gir ein maks kapasitet på 931 elevar for barnetrinnet for dei to skulane Ulsteinvik og Hasund. Sett opp i mot elevtalet på 730 elevar på barnetrinna utgjer dette ein overkapasitet på 201 elevar, eller om lag 27,5% per i dag og sett opp i mot eit stabilt elevtal fram mot 2050.

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar effektiv og smidig bygningsdrift	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Strukturendringa vil ikkje direkte redusere skulebyggporteføljen til kommunen såframt ein ikkje vel å selje bygga. Vil bygga nyttast til andre aktivitetar vil kommunen framleis måtte forvalte, drifta og vedlikehalde bygga. Endra aktivitet i bygga vil også kunne påverke korleis bygga bør driftast, oppvarmast og vedlikehaldast.</p> <p>Kommunen manglar gode vedlikehaldsplanaar som syner vedlikehald- og oppgraderingsetterslep for skulane, men med dei økonomiske rammene vi har til vedlikehald, vil vedlikehaldsetterslepet berre auke.</p>	

5.3 Læringsmiljø:

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar fysisk miljø, likeverdig tilbod til tilpassa leik og læring	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Ei flytting av elevar vil gjere at elevar frå Ulstein skule med dette alternativet får tilgang til musikkrom og godkjent rom til kunst og handverk og skulebibliotek.</p> <p>Uteområde: I spørjeundersøkinga til elevane (5.-10 trinn) blei det stilt spørsmål om kor godt ein likte uteområdet ved skulen sin. Haddal og Ulstein var dei skulane der elevane i størst grad var tilfreds med uteområdet ved skulen. Ulsteinvik barneskule og ungdomskulen fekk dårlegast resultat.</p>	

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik Barneskule

Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar					Vurdering										
Utgreiing/moment i vurderinga															
<p>Frå eit folkehelseperspektiv er det ønskjeleg at flest mogleg elevar går eller syklar til skulen, då dette fremjar fysisk aktivitet og god helse. Ei samanslåing av skular kan føre til at fleire elevar må ta buss til skulen, noko som kan redusere moglegheita for å gå eller sykle. Lengre reisetid kan også påverke korleis elevane opplever skulekvardagen, både fysisk og mentalt.</p> <p>Lengste reiseveg vil med alternativet vere for elevane frå Eiksund og Flø. Dette vil kunne opplevast som ei negativ endring. Frå Eiksundkaia til Gjerdegata ovanfor Ulstein arena som vil vere stoppestad er det ca 20 km (20 min + stopp). Frå Ytre Flø (der vegen stoppar) til Gjerdegata ovanfor Ulstein Arena er det i dag ca 10 km (13 min + stopp).</p> <p>I spørjeundersøkinga til føresette på barneskulane blei det stilt spørsmål om kva som er akseptabel reisetid inklusiv stopp/venting. Nedanfor viser korleis svara fordele seg mellom alternativa:</p> <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th>0-10 minutt</th> <th>10-20 minutt</th> <th>20-30 minutt</th> <th>30-40 minutt</th> <th>over 40 minutt</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>27%</td> <td>45%</td> <td>23%</td> <td>4%</td> <td>0%</td> </tr> </tbody> </table> <p>Fylkeskommunen i M&R og opplæringslova har i dag ikkje sett nokon klar definisjon over kva som er akseptabel reisetid/reiseveg og at denne må vurderast ut i frå eleven sin alder og ferdighet, og at målsetjinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skuleskyssen.</p> <p>Andre fylkeskommuner (bla, Viken og Telemark) har definert: «<i>Elevens samlede reise- og ventetid søkes begrenset til 45 min. for 1.-3. årstrinn, 60 min. for 4.-6. årstrinn og 75 min. for 7.-10 årstrinn, hver vei.</i>».</p> <p>Endringane vil gi ein reiseveg/reisetid som ungdomselevane har i dag og ein vurderer denne som innanfor det ein vurderer som akseptabelt.</p>	0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt	27%	45%	23%	4%	0%					
0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt											
27%	45%	23%	4%	0%											

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik Barneskule

Alternativet fremjar trygg skuleveg					Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga					
<p>Med den nye organiseringa vil framleis fleirtalet av barneskulelevane i Ulstein kommune i dag gå og/eller sykle til skulen, men alternativet vil føre til at færre elevar kan gå eller sykle til skulen. Dei som har rett til det, vil få skyss anten grunna lang skuleveg og/eller trafikkfarleg skuleveg.</p> <p>For skuleåret 24/25 var det 85 barneskulelevar (1-7 trinn) og 108 ungdomsskulelevar (7-10 trinn) som fekk gratis skuleskyss på grunn av lang eller farleg skuleveg. Dette utgjer ca 10% av elevane i Ulstein kommune.</p>					

Med den nye organiseringa vil alle elevane frå Haddal skule ha rett til skuleskyss. Tek ein utgangspunkt i neste skuleår vil det bety at 26 fleire elevar vil ha rett til skuleskyss frå denne krinsen.

For elevane frå Ulstein skule vil elevane frå Flø framleis ha rett til gratis skuleskyss. Elevane frå Ulstein/Skeide (39 stk) vil i utgangspunktet ikkje ha rett til gratis skuleskyss utanom førsteklassingane (6 stk neste år) og dei som bur nord for Ulsteinelva.

Totalt vil det med utgangspunkt i neste skuleår bety at 32 fleire elevar vil ha rett på skuleskyss. Elevane frå Flø og Eiksund vil bli ei takstsone dyrare.

Totalt vil dette koste ca 300 000 kr eks mva. ekstra i skyssutgifter.

For elevane på Skeide vil reisevegen bli lengre.

Ein kan måtte rekne med noko meir køyring til skule og SFO, sjølv om mange elevar også i dag vert køyrde. Skuleskyss vert rekna som trygt alternativ. Ein bør vurdere utbetringar av moglegheit for busstransport ved skulen (vegen ovanfor Ulstein arena).

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik Barneskule

Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
Elevane melder tilbake om høg trivsel på skulane sine, og det er høvesvis gode tilbakemeldingar frå skulane på elevundersøkinga. Det kan bli enklare for fleire elevar å finne vene, og skulane kan, i samarbeid med foreldre og støttetenester, få moglegheit til å fordele elevar i parallelklassar på ein god måte, basert på behov, interesser og faglege vurderingar knytt til læringsmiljøet. Nokre kan kjenne seg tryggare med dagens organisering og små klassar. Andre kan oppleve det som positivt å få fleire klassekameratar og eit større miljø; ein kan finne fleire likesinna, og det blir ikkje så sårbart dersom det er få gutter eller jenter i klassen. Elevane vil bli kjende med kvarandre på tvers av bygder og kretsar gjennom skulen, og ikkje berre gjennom idrett og kultur, slik det delvis er i dag.	

5.4 Nærmiljø

Alternativ 3: Ulstein og Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar nærmiljø	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Ulstein kommune har lagt klare føringar for utviklinga av oppvekstsektoren i sine overordna planar. Levekårsplanen 2020–2032 og Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2029 understrekar viktigheita av gode og trygge skular og nærmiljø for barn og unge.</p> <p>Planane framhevar at heilskap og samanheng i oppveksten er avgjerande for å møte framtida, og at ressursar må kanaliserast til tidleg innsats og førebygging. Det er òg eit mål å utvikle attraktive nærmiljø i heile kommunen, utan å bidra til utarming av bygdene.</p> <p>Samfunnssdelen av kommuneplanen legg vekt på at sentrum og krinsane skal spele kvarandre gode, og at kommunen skal sikre tenester nær folk samtidig som den driv berekraftig og effektivt.</p>	
<p>Alternativet medfører at ein reduserer talet på barneskular frå fire til to i kommunen. Haddal skule og Ulstein skule vert lagt ned. For begge vil dette kunne opplevast som eit tap for bygda, og dei som bur der. Enkelte vil stille spørsmål om nedlegging av Haddal skule og Ulstein skule kan gjere bygdene mindre attraktiv for etablerarar.</p>	
<p>Nærskulane har fine kvalitetar. Innbyggjarane synes å vere glade i skulane sine. Nokre knyter identitet til dei og for mange kan det vere trygt å halde fram med det ein har.</p>	
<p>Tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar viser at lokalmiljøet nyttar skulane (skulelokale og uteområde) i til ulike føremål både ettermiddagar, helgar og til ulike arrangement.</p>	
<p>Etterbruk av bygget vil spele inn på moglegheita for at lag og organisasjonar og lokalmiljøet framleis vil få tilgang til klasserom, gymsal eller andre fasilitetar på ettermiddagar og helger. Slik etterbruk må handsamast som eiga sak.</p>	
<p>Ein etterbruk som gir lag og organisasjonar i nærmiljøet tilsvarande eller betre tilgang til fasilitetar slik ein har det i dag, vil kunne redusere dei negative konsekvensane.</p>	
<p>Elevundersøkinga viser at bruken av uteområdet/skuleområdet på fritida varierer mellom skulane. Ulstein skule har ei variert bruk av uteområdet på fritida, med 31% av elevane som brukar det fleire gongar i veka og 29% som brukar det nokon få gongar i året.</p>	
<p>Haddal skule har ein lågare tal elevar som brukar uteområdet ofte, med berre 6% som brukar det fleire gongar i veka, men ein høgare tal som brukar det nokon få gongar i månaden (39%) og fleire gongar i månaden (22%).</p>	
<p>Spørjeundersøkinga til føresette viser at Haddal skule har ein svært høg tal familiar som brukar skulebygga på fritida, med 82% som brukar det minst ein gong i veka. Ingen familiar ved Haddal skule brukar aldri skulebygga. Ulstein skule har ein meir variert bruk, med 12% som brukar skulebygga minst ein gong i veka og 48% som brukar det sjeldnare enn ein gong i månaden. Berre 16% av familiar ved Ulstein skule brukar aldri skulebygga.</p>	

6 Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule

6.1 Utvikling, kvalitet og kompetanse

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>På 10 år er talet på søkerarar til lærarutdanninga nærast halvert nasjonalt.</p> <p>Det er grunn til å tru at lærarar dei neste åra i større grad kan velje mellom arbeidsstad etter attraktivitet. Erfaring frå fleire kommunar viser at nyutdanna i større grad søker seg til større fagmiljø. Ulstein kommune vil framover måtte kjempe om både arbeidskraft og kompetanse</p> <p>Alternativet vil kunne medfører eit noko marginalt større fagmiljø på Hasund, ved at ein går frå fire til tre barneskular. Ein vil framleis ha eit relativt lite fagmiljø på Ulstein skule. Erfaringar viser at det kan vere krevjande for små skular å rekruttere tilsette med kompetanse i alle undervisningsfaga og som kan dekkje heile breidda i fagspekteret.</p>	

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Fremjar alternativet profesjonsfagleg fellesskap	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga <p>Hovudbygget ved Hasund skule er frå 1990 og skulen fekk eit tilbygg i 2009. Lærarar frå Haddal skule vil kanskje føle ein lågare standard på personalareala då dei vil kome frå ein skule som er 20 år nyare.</p> <p>Fagmiljøet ved Hasund vil kunne verte marginalt større, sjølv om denne effekten vert høvesvis liten grunna meir optimaliserte gruppestørleikar etter lærarnorm.</p> <p>Endringa vil føre til ei ny samansetjing av personalgruppa, der tilsette frå Haddal skule blir ein del av kollegiet ved Hasund skule. Dette gjev høve til ny kulturbygging og læring der ein kan ta med det beste frå begge skulane.</p> <p>Med alternativet vil ein framleis få små kollegium på Ulstein. Desse kollegia må ivareta elevar med ulike behov, som utviklingsforstyrningar, lærevanskar, og behov for framandspråk- eller teiknspråkkompetanse. Dei skal vere både generalistar og spesialistar. Dei skal ta trygge, grunngjevne avgjersler, ofte bygde på fagleg skjøn i profesjonsfellesskapet. Dei må utvikle faginhald og tverrfaglege tema, ta faglege avgjersler, og møte krav til kompetanse og dokumentasjon.</p>	

Små kollegium kan ha utfordringar med fagleg breidde og djupne, vidareutdanning, og samarbeid om undervisning. Det blir færre tilsette for rektor å setje saman i team, og vanskelegare å ha fagteam i ulike fag.

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Fremjar alternativet robuste leiarteam	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Forventningane til skuleleiing og rektorrolla er svært store i dagens skule. Ein person kan ikkje ivareta alle kompetansekrava åleine; det er behov for at fleire deler på leiinga og har ulike ferdigheiter. Rekruttering av rektorer har lenge vore ei utfordring i norsk skule, og fleire norske kommunar og skuleeigarar har tatt grep for å løyse dette. Mellom anna har dei innført leiarteam der fleire har personalansvar. Dette tiltaket har også som føremål å betre rekrutteringa; ein ventar at fleire som går inn i avdelingsleiarroller med personalansvar, lettare kan ta steget og søkje rektorjobbar.</p> <p>Hasund skule har i dag ein leiarressurs på 260% (rektor, assisterande rektor og merkantil). Ein vurderer at denne organiseringa er tilstrekkeleg for å ta inn og handtere det auka elevtalet.</p> <p>Alternativet vil gi innsparinger i høve ressursar tilsvarande administrasjonen ved Haddal skule. Ein vil med alternativet ha skuleleiing også ved Ulsteinvik barneskule og Ulstein skule som skildra i alternativ 0.</p>	

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Fremjar alternativet samarbeid med støttetenester (PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.)	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Krava til samhandling er store. Utdanningsdirektoratet sin strategi for kompetanseutvikling stiller klare forventningar om at skuleeigar systematisk legg til rette for kompetanseutvikling i grunnskulen og flyttar ressursane tettare på barn og elevar. Ulstein er BTI-kommune, og mykje av samarbeidet vert koordinert i denne modellen. Det er nasjonale normer for kor mykje helsesjukepleiarressurs det skal vere i skulane. Samtidig har PP-tenesta ei forventning om å vere tettare på elevane og skulane, og å flytte meir av innsatsen frå individuelt sakkunnig arbeid til førebyggjande, systemisk utviklingsarbeid og kompetanseheving i skulekvardagen.</p> <p>Tre barneskular sett opp i mot fire barneskular vil vere meir effektivt for støttetenestene ressursane vert spreidde på færre einingar, og tilgjengelegheit og trefftid for elevane vil kunne bli større.</p> <p>Med færre skular å forhalde seg til, kan støttetenestene gi meir skreddarsydd og personleg støtte til kvar skule og elev. Dette kan bidra til betre tilpassa løysingar og meir effektiv</p>	

hjelp. Det blir lettare å bygge sterke og tillitsfulle relasjonar mellom støttetenestene og skulane når det er færre skular å forhalde seg til. Dette kan føre til betre samarbeid og forståing.

6.2 Ressursutnytting

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule																																									
Er alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal i Ulstein kommune						Vurdering																																			
Utgreiing/moment i vurderinga																																									
<p>Elevtalet for 1.-7. trinn i Ulstein kommune har vist ein generell nedgang frå skuleåret 2010/2011 til 2024/2025. I 2010/2011 var det 834 elevar, medan det i 2024/2025 var 730 elevar, noko som utgjer ein nedgang på 12,47 %. SSB sitt hovudalternativ viser at elevtalet i barneskulane vil halde seg relativt stabilt fram mot 2050.</p> <p>Generelt læringsareal er 971 m², som gir ein kapasitet på om lag 207 elevar. Skulen har 12 klasserom i hovudbygget og 4 klasserom i brakkebygget, som i dag vert nytta av SFO og forsterka norskopplæring (FON).</p> <p>Brakkebygget vart oppført som ei mellombels løysing, og er no brukt utover det som var planlagt som levetid. Kommunen vurderer at bygget forsett kan nyttast i ein periode framover, men det har klare avgrensingar både teknisk og pedagogisk. Det bør ikkje rekna som ein varig del av skulen sin kapasitet.</p> <p>Hasund skule hadde ved inngangen av skuleåret 24/25 148 elevar ved skulen (bor 141 elevar i Hasund krins) .Haddal skule Hadde 49 elevar (bor 51 elevar i krinsen)). Samla elevtal ved skulane om ein slår saman krinsane vil for skuleåret 24/25 vere 192 elevar.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th><th>2024/25</th><th>2025/26</th><th>2026/27</th><th>2028/29</th><th>2029/30</th><th>2030/31</th></tr> <tr> <th>Fødd i år</th><th>2019</th><th>2020</th><th>2021</th><th>2022</th><th>2023</th><th>2024</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Haddal skule</td><td>51</td><td>52</td><td>53</td><td>53</td><td>57</td><td>55</td></tr> <tr> <td>Hasund skule</td><td>141</td><td>140</td><td>132</td><td>133</td><td>137</td><td>133</td></tr> <tr> <td>Sum elevar</td><td>192</td><td>192</td><td>185</td><td>186</td><td>194</td><td>188</td></tr> </tbody> </table> <p>Framskridingane viser at barneskulen vil ha lite ekstrakapasitet framover om skulen må ta i mot elevane frå Haddal skule. Brakkebygget er ei midlertidig løysing og brukt utover det som var planlagt levetid. Ein vurderer difor at alternativet i låg grad er tilpassa forventa framtidig elevtal for dei to krinsane.</p>		2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31	Fødd i år	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Haddal skule	51	52	53	53	57	55	Hasund skule	141	140	132	133	137	133	Sum elevar	192	192	185	186	194	188						
	2024/25	2025/26	2026/27	2028/29	2029/30	2030/31																																			
Fødd i år	2019	2020	2021	2022	2023	2024																																			
Haddal skule	51	52	53	53	57	55																																			
Hasund skule	141	140	132	133	137	133																																			
Sum elevar	192	192	185	186	194	188																																			

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Alternativet fremjar effektiv og smidig bygningsdrift	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Strukturendringa vil ikkje direkte redusere skulebyggporteføljen til kommunen såframt ein ikkje vel å selje Haddal skule. Om bygget nyttast til andre aktivitetar vil kommunen framleis måtte forvalte, drifte og vedlikehalde det. Endra aktivitet vil også kunne påverke korleis bygget bør driftast, oppvarmast og vedlikeholdast.</p> <p>Kommunen manglar gode vedlikehaldsplanar som syner vedlikehald- og oppgraderingsetterslep skulane , men med dei økonomiske rammene vi har til vedlikehald, vil vedlikehaldsetterslepet berre auke.</p>	

6.3 Læringsmiljø

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Alternativet fremjar fysisk miljø, likeverdig tilbod til tilpassa leik og læring	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Hasund har skulekjøken, men manglar musikkrom, og godkjent rom til kunst og handverk. Ei flytting av elevane frå Haddal vil gjøre at dei mistar tilgang til godkjent rom til kunst og handverk og musikkrom. Ein auke i elevtalet på skulen vil også legge press på spesialromma mtp. bruk til vanleg undervisning.</p> <p>Uteområde: I spørjeundersøkinga til elevane (5.-10 trinn) blei det stilt spørsmål om kor godt ein likte uteområdet ved skulen sin. Haddal og Ulstein var dei skulane der elevane i størst grad var tilfreds med uteområdet ved skulen. Ulsteinvik barneskule og ungdomskulen fekk dårligast resultat.</p>	

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Frå eit folkehelseperspektiv er det ønskjeleg at flest mogleg elevar går eller syklar til skulen, då dette fremjar fysisk aktivitet og god helse. Ei samanslåing av skular kan føre til at fleire elevar må ta buss til skulen, noko som kan redusere moglegheita for å gå eller sykle. Lengre reisetid kan også påverke korleis elevane opplever skulevardagen, både fysisk og mentalt.</p>	

Lengste reiseveg vil med alternativet vere for elevane frå Eiksund. Dette vil kunne opplevast som ei negativ endring. Frå Eiksundkaia til Hasund skule som vil vere stoppestad er det ca 15,5 km (ca 12 min + stopp).

I spørjeundersøkinga til føresette på barneskulane blei det stilt spørsmål om kva som er akseptabel reisetid inklusiv stopp/venting. Nedanfor viser korleis svara fordele seg mellom alternativa:

0-10 minutt	10-20 minutt	20-30 minutt	30-40 minutt	over 40 minutt
27%	45%	23%	4%	0%

Fylkeskommunen i M&R og opplæringslova har i dag ikkje sett nokon klar definisjon over kva som er akseptabel reisetid/reiseveg og at denne må vurderast ut i frå eleven sin alder og ferdigheit, og at målsetjinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell organisering av skuleskyssen.

Andre fylkeskommuner (bla, Viken og Telemark) har definert: «*Eleven samlende reise- og ventetid søkes begrenset til 45 min. for 1.-3. årstrinn, 60 min. for 4.-6. årstrinn og 75 min. for 7.-10 årstrinn, hver vei.*»

Endringane vil for dei på Eiksund og Haddal tilsvare reiseveg/reisetid som kortare enn det ungdomselevane som skal til sentrum har i dag og ein vurderer denne som akseptabel.

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Alternativet fremjar trygg skuleveg	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
Med den nye organiseringa vil framleis fleirtalet av barneskuleelevarne i Ulstein kommune i dag gå og/eller sykle til skulen, men alternativet vil føre til at færre elevar kan gå eller sykle til skulen. Dei som har rett til det, vil få skyss anten grunna lang skuleveg og/eller trafikkfarleg skuleveg.	
For skuleåret 24/25 var det 85 barneskuleelevar (1-7 trinn) og 108 ungdomsskuleelevar (7-10 trinn) som fekk gratis skuleskyss på grunn av lang eller farleg skuleveg. Dette utgjer ca 10% av elevane i Ulstein kommune.	
Med den nye organiseringa vil alle elevane frå Haddal skule ha rett til skuleskyss. Tek ein utgangspunkt i neste skuleår vil det bety at 26 fleire elevar vil ha rett til skuleskyss frå denne krinsen.	
Totalt vil det med utgangspunkt i neste skuleår bety at 26 fleire elevar vil ha rett på skuleskyss i tillegg til at elevane frå Eiksund vil koste ei "takstsone ekstra". Totalt vil dette koste ca 240 000 kr eks mva. ekstra i skyssutgifter.	
Ein kan måtte rekne med noko meir køyring til SFO, sjølv om mange elevar også i dag vert køyrde.	

Alternativ 4: Haddal skule til Hasund skule	
Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Elevane melder tilbake om høg trivsel på skulane sine, og det er høvesvis gode tilbakemeldingar frå skulane på elevundersøkinga.</p> <p>Det kan bli enklare for fleire elevar å finne vene, og skulane kan, i samarbeid med foreldre og støttetenester, få moglegheit til å fordele elevar i parallelklassar på ein god måte, basert på behov, interesser og faglege vurderingar knytt til læringsmiljøet.</p> <p>Nokre elevar kan kjenne seg tryggare med dagens organisering og små klassar. Andre kan oppleve det som positivt å få fleire klassekameratar og eit større miljø; ein kan finne fleire likesinna, og det blir ikkje så sårbart dersom det er få gutter eller jenter i klassen. Elevane vil bli kjende med kvarandre på tvers av bygder og kretsar gjennom skulen, og ikkje berre gjennom idrett og kultur, slik det delvis er i dag.</p>	

4.4 Nærmiljø

Alternativ 2: Haddal skule til Ulsteinvik barneskule	
Alternativet fremjar nærmiljø	Vurdering
Utgreiing/moment i vurderinga	
<p>Ulstein kommune har lagt klare føringar for utviklinga av oppvekstsektoren i sine overordna planar. Levekårsplanen 2020–2032 og Kommuneplanens samfunnsdel 2017–2029 understrekar viktigheita av gode og trygge skular og nærmiljø for barn og unge.</p> <p>Planane framhevar at heilskap og samanheng i oppveksten er avgjerande for å møte framtida, og at ressursar må kanaliserast til tidleg innsats og førebygging. Det er òg eit mål å utvikle attraktive nærmiljø i heile kommunen, utan å bidra til utarming av bygdene. Samfunnsdelen av kommuneplanen legg vekt på at sentrum og krinsane skal spele kvarandre gode, og at kommunen skal sikre tenester nær folk samtidig som den driv berekraftig og effektivt.</p> <p>Alternativet medfører at ein reduserer talet på barneskular frå fire til tre i kommunen der Haddal skule vert lagt ned. Dette vil kunne opplevast som eit tap for bygda, og dei som bur der.</p> <p>Nærskulane har fine kvalitetar. Innbyggjarane synes å vere glade i skulane sine. Nokre knyter identitet til dei og for mange kan det vere trygt å halde fram med det ein har. Tilbakemeldingar frå lag og organisasjonar viser at lokalmiljøet nyttar skulane (skulelokale og uteområde) i til ulike føremål både ettermiddagar, helgar og til ulike arrangement.</p>	

Etterbruk av bygget vil spele inn på moglegheita for at lag og organisasjonar og lokalmiljøet framleis vil få tilgang til klasserom, gymsal eller andre fasilitetar på ettermiddagar og helger. Slik etterbruk må handsamast som eiga sak.

Ein etterbruk som gir lag og organisasjonar i nærmiljøet tilsvarande eller betre tilgang til fasilitetar slik ein har det i dag, vil kunne redusere dei negative konsekvensane.

Elevundersøkinga viser at tal elevar ved Haddal skule som brukte uteområdet fleire gongar i veka var 6%, men svara viste ein høgare tal som brukar det nokon få gongar i månaden (39%) og fleire gongar i månaden (22%).

Spørjeundersøkinga til føresette viste at Haddal skule har eit svært høgt tal familiar som brukar skulebygga på fritida, med 82% som brukar det minst ein gong i veka. Ingen familiar ved Haddal skule brukar aldri skulebygga.

Oppsummering

	Alternativ 0	Alternativ 1:	Alternativ 2:	Alternativ 3:	Alternativ 4
Utvikling, kvalitet og kompetanse					
Rekruttering av lov pålagd kompetanse					
Profesjonsfagleg fellesskap					
Robuste leiarteam					
Samarbeid med PPT, skulehelsetenesta, BVT m.fl.					
Ressursutnytting					
Alternativet er tilpassa forventa framtidig barne- og elevtal					
Effektiv og smidig bygningsdrift					
Læringsmiljø					
Fysisk miljø som fremjar eit likeverdig tilbod om tilpassa leik og læring					
Trygg skuleveg					
Reisetid for barn og elevar					
Trivsel, venskap og gode relasjoner					
Nærmiljø					
Alternativet fremjar nærmiljø					